

**Fra:** Mark Taylor (mataylor@online.no)

**Sendt:** 04.03.2021 07:26:44

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** skriftleg spørsmål til fylkestinget 9.-10.3.21

**Vedlegg:**

**Spørsmål om eit regionalt jordvernsmål for Vestland**

Samarbeidsplattforma til posisjonspartia seier at «Me skal sikre eit sterkt jordvern».

Ein måte å bidra til eit sterkt jordvern vil vere at fylkestinget vedtek eit regionalt jordvernsmål på maksimal omdisponering av matjord per år i fylket.

Dette har andre fylkeskommunar gjort. Møre og Romsdal fylkeskommune har vedtatt eit regionalt jordvernsmål på maksimal omdisponering av 200 dekar med dyrka mark per år, ut ifrå det nasjonale jordvernsmålet på 4000 dekar og tilgjengelig dyrka mark i fylket.

I følgje SSB hadde Møre og Romsdal 418 249 dekar fulldyrka jord i 2020 og Vestland berre litt meir, 425 621 dekar. Utifrå dette bør eit regionalt jordvernsmål for Vestland vere ca. 210 dekar.

SSB opplyser at i 2019 vart 530 dekar dyrka jord omdisponert til andre føremål enn landbruk i Vestland fylke (299 i Hordaland pluss 231 i Sogn og Fjordane). Det er to og eit halv gonger meir enn målet fylket bør ha.

Utviklingsplan for Vestland seier at FN sine berekraftsmål er «overordna og førande for samfunnsutviklinga i Vestland». Dei inkluderer berekraftsmål 2 «å fremje berekraftig landbruk». Eit berekraftig landbruk vil sikre eit berekraftig bruk av og vern om landbruksområdet sitt areal og ressursgrunnlag.

Vestland fylkesting bør difor talfesta og vedta eit regionalt jordvernsmål som eit bidrag til å sikre eit sterkt jordvern, i tråd med Utviklingsplanen sitt mål om å «sikre ressursgrunnlaget for framtida».

Og eit mål må følgjast opp med konkrete tiltak. Saman med kommunane, må fylkeskommunen i større grad sikre viktige jordbruksområde, avgrense årleg omdisponering av dyrka jord, vurdere alternative utbyggingsområde, synleggjere viktige jordbruksområde i arealplanar og bidra aktivt til å definere kjerneområde for landbruk med vekstgrenser mellom tettstadar og jordbruksareal.

**Spørsmål:**

Vil fylkesordføraren bestille ei sak med utgreiing av eit talfesta regionalt jordvernsmål for Vestland, samt forslag til tiltak for å oppnå målet snarleg?

Mark Taylor MDG